

Dei tre Bukkane Bruse

Det var en gong tre bukkar som skulle til seters for å gjere seg feite, og alle tre heitte dei Bukken Bruse. På vegen var det ei bru over ein foss som dei skulle over, og under den brua budde eit stort, fælt troll med auge som tinntallerkar og nase så lang som eit riveskaft.

Først kom den yngste Bukken Bruse og skulle over brua. Tripp trapp, tripp trapp, sa det i brua.

“Kven er det som trippar på mi bru?” skreik trollet.

“Å, det er den minste Bukken Bruse. Eg skal til seters for å gjere meg feit”, sa bukken. Han var så fin i stemma.

“No kjem eg og tek deg”, sa trollet.

“Å nei, ta ikkje meg, for eg er så liten, eg. Berre vent litt, så kjem den mellomste Bukken Bruse, han er mykje større”

“Javel, så gå då”, sa trollet.

Om ei lita stund kom den mellomste Bukken Bruse og skulle over brua. Tripp trapp, tripp trapp, tripp trapp, sa det i brua.

“Kven er det som trippar på mi bru?” skreik trollet.

“Å, det er den mellomste Bukken Bruse som skal til seters for å gjere seg feit”, sa bukken. Han var ikkje så fin i stemma.

“No kjem eg og tek deg”, sa trollet.

“Å nei, ta ikkje meg. Berre vent litt, så kjem den store Bukken Bruse, han er mykje, mykje større.”

“Javel, så gå då”, sa trollet.

Det gjekk ei stund, og så kom den store Bukken Bruse.

Tripp trapp, tripp trapp, tripp trapp, sa det i brua. Han var så tung at brua både knaka og braka under han!

“Kven er det som trampar på mi bru?” skreik trollet.

“Det er den store Bukken Bruse”, sa bukken. Han var så grov i stemma.

“No kjem eg og tek deg”, skreik trollet.

“Ja, kom du! Eg har to horn som er store som spyd, med dei skal eg stikke auga dine ut! Eg har to store kampesteinar, med dei skal eg knuse både marg og bein!” sa bukken. ‘

Og så sprang han på trollet auga på det, slo i stykke både marg og bein og stanga det utfor fossen. Så gjekk han til seters saman med dei to andre bukkane.

Der blei bukkane så feite, så feite at dei nesten ikkje orka å gå heim igjen. Er ikkje feittet gått av dei, så er dei det enno.

Og snipp snapp snute, så er det eventyret ute.